



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

25 AUG 2015

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2015/002924-008

Dykkar referanse:


Vår dato:
24.08.2015

Nedlegging av Fv. 53 - Veg gjennom Baroniet i Rosenda - Kvinnherad kommune

I samband med at det skulle opparbeidast ny parkeringsplass til Baroniet i Rosendal, skulle fylkesveg 53 gjennom Baroniet mot Hatteberg leggjast om. Det vart utarbeidd reguleringsplan for omlegging av fylkesvegen og parkeringsplass (vedteken i 2007).



Gjeldande reguleringsplan for omlegging av fv. 53 og parkeringsplass



Viser fv.53 som skal nedleggjast (Hp 50) og fysisk stengd

Parkeringsplassen er opparbeidd, men ikkje den omlagte fylkesvegen ved parkeringsplassen. Dette p.g.a manglande finansiering. Arm av Fv. 53 (alléen) gjennom Baroniet er fysisk stengd og trafikken til Hatteberg går nå i samsvar med reguleringsplanen.



Eksisterande fv. 53 og ny parkeringsplass



Arm av Fv. 53 (alléen) som skal nedklassifiserast

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vi finn det naturleg at vegen gjennom Baroniet vert nedlagt som offentlig veg og overført til privat veg vederlagsfritt med Den Weis-Rosenkronske Stiftelse som eigar. Statens vegvesen driftar heller ikkje denne vegen nå.

Elles bør den vegen som ligg i reguleringsplanen frå fv. 53 hp 1 km 0,440 som går til kommunal veg (KV98047) ved Hatteberg verta kommunal veg. I dag er den definert som privat veg (PV98046). I dag er det fylkeskommunen som driftar denne armen.



I samsvar med veglova § 7 første ledd er det Hordaland fylkeskommune som fatter endelig vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kvinnherad kommune, der fylkesvegen ligg, har gjeve uttale i saka.

Kvinnherad kommune finn at det systemet for å ta imot overvatn ikkje har nok kapasitet (skriv datert 05.05.2015).

Representantar frå Kvinnherad kommune og Statens vegvesen var på synfaring 14.08.2015. Det føreligg notat frå synfaringa.

Tilråding med framlegg til vedtak:

- Fylkesveg 53 Hp 50 vert nedlagt som offentlig veg mellom km 0 - 0,630 og overført til grunneigarane som privat veg vederlagsfritt.
- Fylkesveg (PV98046) vert omklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv. 53 hp 1 km 0,440 fram til kommunal veg (KV98047) ved Hatteberg.
- Før endelig vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Kvinnherad kommune skal vegen setjast i stand i samsvar med notat frå synfaring datert 14.08.2015

Vegavdeling Hordaland - Region vest
Med helsing

Olav Finne
avdelingsdirektør

Per Steinar Nedkvitne

Vedlegg : Notat etter synfaring, datert 14.08.2015
Brev frå Kvinnherad kommune, datert 05.05.2015

Kopi: Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL
Vegseksjonen v/Lars Øyre